



Dnb Eiendom AS Bergen Åsane  
Postboks 1 600 Sentrum  
0021 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/9007 - 21/87482

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
22.12.2021

## **Korrigert vedtak i sak 1220/21. Innvilga konsesjon for overtaking av gbnr 340/4 og 48 Espetveit i Alver**

**Administrativt vedtak: Saknr: 1376/21**

### **VEDTAK:**

**Alver kommune gjev med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9 og 11 konsesjon til Julie Odland Skare og Frode Emil Brakstad for overtaking av gbnr 340/4 og 48 i Alver. Den avtala kjøpesummen er på kr. 3 955 000. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga i sak 1220/21**

**Vedtaket vert sendt over til avdeling for kart og oppmåling for føring i matrikkelen. Søkjar vil få melding når dette er gjort og skøyte kan sendast til tinglysing.**

### **Saka gjeld**

Ved ein inkurie har ikkje kommunen sett at det var to konsesjonssøknader som låg med denne saka, og det vart difor berre gitt konsesjon til Julie Odlands Skare. Den andre søkjaren er Frode Emil Brakstad, som er sambuar med Skare. Dei skal eiga ein ideell halvdel av eigedomen kvar.

Dette vedtaket erstattar vedtak i sak 1220/21

### **VURDERING:**

Vurderingane av eigedomen og drift som vart gjort i samband med vedtak 1220/21 vert lagt til grunn i denne saka. Søkjarane er sambuarar, og skal busetja seg på eigedomen og driva tradisjonelt landbruk og birøkt. Begge har erfaring frå landbruket.

### **Regelverk**

- Konsesjonslova og rundskriv M 1-2021 Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks- og matdepartementet

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/9007

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta  
Tenesteleiar

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Dnb Eiendom AS Bergen Åsane  
Hasse Børge Annaniassen  
Julie Odland Skare

Postboks 1600 Sentrum  
Postboks 1600 Sentrum  
Solberget 51

0021 OSLO  
0021 OSLO  
5918 FREKHAUG